

## Høyringsinnspel planprogram regional plan for folkehelse

Oversikt over innspel til planprogram med frist 20.5.14.

Kven?	Kva vert kommentert?	Vurdering og endringsforslag
Trygg Trafikk, 19.5.2014	a. Peikar på at Skader og ulykker ikkje er med i planprogrammet. Dei presiserer også at skade/ulykke er største helsetrussel for barn og unge.	Fylkesrådmannen ser trafikktryggleik og ulykkesførebyggande arbeid som ein del av utfordringane og behova knytt til tema <i>Integrere folkehelse i alle politikkområde</i> (kap. 5.1). Det gjeld spesielt: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ bygde-, by- og tettstadutvikling som fremjar folkehelse.</li> <li>▪ Implementere folkehelseperspektiv i alt planarbeid (jamfør plan- og bygningslova)</li> </ul>
	b. Trygg Trafikk og Fylkestrafikkutvalet ynskjer å verte involvert i planarbeidet	Fylkesrådmannen legg til Trygg Trafikk og Fylkestrafikkutvalet i liste med døme på aktørar som planarbeidet kan medverke til å kople saman, sjå kap. 6.3.
Sogn og Fjordane idrettskrins 19.5.2014	c. Saknar utdjuing av frivillige og deira arbeid i planprogrammet som viktig bidrag til folkehelsearbeid.	Tek inn to nye punkt i lista over utfordringar og behov vi knyter til tema « <i>Forbetre og auke samordning og samhandling</i> » (sjå kap. 5.2), for å presisere at dei frivillige sin innsats vil vere eit viktig tema i det vidare planarbeidet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Frivillige organisasjonar som sikrar at fleire finn tilbod i deira regi utan at det går utover organisasjonane sin ordinær aktivitet</li> <li>• Det offentlege understøttar arbeidet i dei frivillige organisasjonane utan å erstatte det</li> </ul>
	d. Viser til at planprogrammet legg vekt på at planprosessen skal ha medverknad og involvering frå aktørane i folkehelsearbeidet regionalt og lokalt. Krinsen meiner det er eit godt utgangspunkt for bevisstgjerung og eigarskap til planen. Dei ser på det som eit kjernepunkt for korleis ein regional plan skal bli "forpliktande/ førande" med tanke på aktørar som skal arbeide i same retning for å nå felles mål.	Fylkesrådmannen deler desse synspunkta.
	e. Ynskjer å vere tydelege medspelar i planarbeidet.	Fylkesrådmannen legg til idrettskrinsen i liste med døme på aktørar som planarbeidet kan medverke til å kople saman, sjå kap. 6.3.
Norges Ungdomslag, ved Huset i	f. Som pkt c., frå idrettskrinsen.	Sjå kommentar til pkt. c
	g. Ynskjer å vere tydelege medspelar i	Fylkesrådmannen legg til Huset i bygda i liste med døme på aktørar som planarbeidet kan

bygda, 19.5.2014	folkehelsearbeidet.	medverke til å kople saman, sjå kap. 6.3
Fylkesmannen i Sogn og Fj., 19.5.2014	h. Peikar på at fylkeskommunen bør vere pådrivar og syte for tverrfagleg samarbeid. Meiner dette bør kome fram som eige tema i planen og bør konkretiserast meir i planprogrammet.	Fylkesrådmannen legg til grunn at planarbeidet i seg sjølv skal medverke til å utvikle tverrfaglege samarbeid om viktige utfordringar og behov knytt til folkehelsearbeidet i fylket, jamfør spesielt kap. 5.1 og 5.2 i planprogrammet. Fylkeskommunens ansvar er definert i Folkehelselova §§ 20 og 21 og dette er lagt til grunn i planprogrammet. Fylkeskommunens rolle vidare i det regionale folkehelsearbeidet vert tema i planarbeidet og må definerast tydeleg for heile planperioden.
	i. Fylkesmannen saknar val av tema ut i frå sentrale føringar og helsekartlegginga, og kva som skal gjerast t.d. inn mot overvekt, fråfall, sosiale skilnader med meir. Meiner at relevante strategiar ikkje er presisert, og heller ikkje kva aktørar som skal på bana ut i frå dette. Saknar også presisering av kva vi legg i <i>sosiale skilnader og korleis oversiktsarbeidet skal nyttast i planen?</i>	Fylkesrådmannen legg til grunn at planprogrammet ikkje skal drøfte moglege strategiar og tiltak. Det må ein kome attende til i sjølve planarbeidet. Der må ein også sjå tiltak og strategiar oppimot sosial skilnader. Han viser elles til kap. 4, med omsyn til korleis val av tema byggjer på nasjonale og regionale føringar mv.
	j. Tar opp spørsmål om samarbeid med fagfolk/aktørar innan dei ulike tema og utfordringar som vi skal jobbe med	Fylkesrådmannen legg til grunn at fagfolk/aktørar skal involverast i arbeidsverkstadar. I tillegg vil det vere aktuelt med eigne møter med enkeltaktørar for å kvalitetssikre tiltak og strategiar som vert fremja gjennom arbeidsverkstader mv.
	k. Saknar konkret opplysingar om korleis andre avdelingar i fylkeskommunen og andre regionale instansar er tenkt involvert i arbeidet med regional plan for folkehelse. Viser til gode erfaringar med organisering av arbeidsgruppe i arbeidet med Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, der fleire avdelingar i fylkeskommunen og ulike aktørar frå regionnivået vart involverte.	Fylkesrådmannen ser at det kan vere ynskjeleg med slik konkretisering, men også at vi treng fleksibilitet for å kunne tilpasse involveringa etter kvart som planarbeidet skrid fram. Teksten i kap. 6 er difor endra noko, utan at fleksibiliteten i medverknaden er tatt vekk.
	l. Meiner at Forum for helse, omsorg og folkehelse vil vere ein nyttig arena for planarbeidet.	Fylkesrådmannen er samd i dette og viser til kap. 6.1.